



Morgon på torget i Korosten (Foto: Tormod Myklebust)

**Mandag 19. Mai vert det ny innsamling til Ukraina av brukte klær, sko, sengetøy, gardiner, leiker etc. i Kvinnherad. Innsamlinga vert på ettermiddagen, med stopp i Rosendal, Uskedalen, Husnes og Sæbøvik. Vi bed omkr. 50.- pr sekk i transportstøtte. Sjå annonse i Grenda og Kvinnheringen for stopptider for traileren!**

Det er THK-stiftelsen som står for innsamlinga, og som fraktar til Ukraina. Hovedstasjonen for hjelpesendingane er i byen Korosten, 10 mil vest av Kiev.

Dette er i Tsjernobylregionen og er prega av fattigdom og mykje arbeidsløysa. Ellesgår sendingane til andre stader som Kiev, Malyn, Nohorod – Sieversky og Shotska. Ei hjelpesending inneheld 90 kbm, dvs. over 1000 sekker eller 30 000 – 50 000 plagg.

Bilen køyrer minst 22 turar i året. Kvar tur er på ca. 5000 km. THK-traileren køyrer altså over 100 000 km i året. Det er 2 sjåførar på kvar tur og alle køyrer gratis.

Som alle veit er Ukraina inne i ein farleg og uoversiktleg situasjon. Det er krigsliknande tilstadar i aust ved grensa mot Russland. Økonomien i landet er katastrofal, valutaen er devaluert og det er stor prisstiging på alle varer. Dette rammer fyrst og fremst den vanlege ukrainer.

Hjelpesendingar er meir naudsynte enn før. Utdeling av innsamla varer i Ukraina, vert gjort på ein trygg måte. Den er gjennomført av THK – stiftelsen, menigheter, Røde Kors og andre godkjende organisasjonar.

Målet er at alle klesplagg skal nå dei som verkeleg treng det.

**For THK – stiftelsen  
Tormod Myklebust**



Tormod Myklebust skal til Ukraina igjen, her lastar han i Uskedalen for ei tidlegare sending.